

Årsmøte 2024

PROTOKOLL

Møtestad: Småsalen Fiskå Ungdomshus
Dato/tid: Torsdag 27.03.2025. kl. 20:00 – 22:00

Oppmøtte medlemmer med stemmerett: 21 (av desse 3 med fullmakt frå eigar). I tillegg 2 med fullmakt frå anna medlem. Totalt 23 stemmer.

Leiar Harald Søvdsnes ønska velkommen.

1. Godkjenning av innkalling
Godkjent.

Merknad om at rekneskapen burde ligge ute på nettsida 10 dagar før årsmøte.
Svar frå leiar er at rekneskap ikkje vert lagt ut fordi ein vil ikkje legge det ut offentleg.
Innspel: Dette inneber at anten må reglane endrast eller rekneskap gjerast kjent til medlemmane.

2. Godkjenning av sakliste
Godkjent.
3. Val av møteleiar
Kåre Honningsvåg vart valt.
4. Val av møtebokskrivar
Randi Aarønæs vart valt.
5. Val av to til å skrive under møteboka (manuell signering)
Ole Petter Nystøy og Åge Rusten var valt.
6. Årsmelding
Kåre Honningsvåg les opp årsmeldinga.

Det kom fram behov for nokre mindre rettingar for årstal og eit feil namn.
(1.vara har vore Roy Gunnar Skåre, ikkje Anders Kjell Øren).
Årsmelding vert godkjent av årsmøtet etter desse endringane.

Hovda Utmarkslag SA

Stifta 23. April 2005 org. nr.: 988 283 118

7. Rekneskap

Kåre Honningsvåg les opp rekneskapen.

Underskot kr 22 557,09.

Oddvin Kragseth har revidert rekneskapen, utan kommentarar.

Rekneskapen vart godkjent.

-Spørsmål om mellomlegget på fellingsavgift mellom kommunen og laget er for høgt?
Bør ein heller minke utgiftene?

-Spørsmål om lite rente for inneståande kapital? Forslag om å lage ein plasseringskonto for meir rente.

-Spørsmål om vi må ha revisjonsplikt/rekneskapsplikt slik vi har det i dag? Her opplyste leiari at lønnsutbetaling er årsak til oppgjersplikt. Omsetninga er låg og ikkje revisjonspliktig, men samvirkelova gjer laget bokføringspliktig.

Styret kan undersøkje desse spørsmåla vidare.

8. Disponering av ev. overskot if §8

Underskot. Sak går ut.

9. Fastsetting av avgifter

Sak går ut.

10. Val

Valnemnda har lagt fram forslag, som vart lest opp av Kåre Honningsvåg.

Valresultat:

Leiar for 1 år: Forslag Harald Søvdsnes (attval)

Valt ved akklamasjon.

2 styremedlemar for 2 år:

Forslag Aksel Øren (attval). Valt ved akklamasjon.

Forslag Johan-Ole Abeltun (Ny)

Benkeforslag: Per Marius Lillehamre (attval).

Det vert krevd skrifteleg avstemming.

Teljekorps: Egil Strand og Gisle Nordal. 22 stemmer avgitt.

Abeltun 10 stemmer. Lillehamre 12 stemmer.

Per Marius Lillehamre er valt (attval)

2 varamedlemar for 1 år. Forslag Jan Egil Nybø. Ny. Håkon Brudevik. Attval.

Valt ved akklamasjon.

2 revisorar for 1 år. Forslag Oddvin Kragseth og Inge Rekdal. Attval.

Valt ved akklamasjon.

Medlem i valnemnda for 3 år: Kjell Asbjørn Holen. Ny. Val ved akklamasjon.

Kommentar

Ikkje alle i valkomiteen hadde fått medlemsliste. Svar frå leiar om at den var sendt til leiar i valnemnda.

Ønske om at oppdatert medlemsliste vert lagt på heimesida.

11. Innkomne saker: Orienteringssak.

Brev frå Bodil Søvdsnes om at Harald Søvdsnes representerer eigedom gnr 100 bnr 25 i Hovda utmarkslag.

12. Budsjett for 2025

Kåre Honningsvåg les opp forslag til budsjett 2025.
Budsjettet vart godkjent.

13. Godtgjersle for tillitsfolk

Valnemnd la fram forslag, lest opp av Kåre Honningsvåg.

Honorar tillitsvalde for virkeåret 2025:

Leiar	kr 4000
Sekretær	kr 2500
Kasserar	kr 2500
Styremedlem	kr 1500
Storviltansvarleg	kr 4000
Varafolk	kr 400 pr møte opptil kr 1500


Summane vart vedtekne.

Spørsmål om beløpa utløyser rekneskapsplikta, og at ein bør tilpasse seg dette evt.? Styret kan undersøkje dette.


Møte slutt kl 22.00

Randi Aarønæs
møtebokskrivar

Underskrifter:



Ole Petter Nystøyl



Åge Rusten